



Rune Seim
Krokjen 8
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/1296 - 23/49280

Saksbehandlar:
Josep Gayrbekov
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:
06.09.2023

Løyve til oppretting av ny grunneigedom - gbnr 164/1 Sletten (Seim)

Administrativt vedtak: Saknr: 662/23
Tiltakshavar: Rune Seim
Ansvarleg søkjar:
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett.

VEDTAK

Det vert gjeve løyve til oppretting av ny grunneigedom på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal plasserast som vist i situasjonsplan med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.
2. Rett til framføring av vatn og avlaup og vegnett over gbnr 164/1 skal leggjast fram for tinglysing seinast samstundes med oppmålingsforretninga jf. pbl. §§ 27-1, 27-2 og 27-4.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vere i strid med lov om eigedomsregistrering jf. pbl. §21-9.

Vedtaket er heimla i plan- og bygningslova § 20-1, jf. pbl § 20-4 bokstav d.

SAKSUTGREIING

Tiltak

Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom ved frådeling av bustadtomt frå gbnr. 164/1. Tomta er oppgjeve til å vere 1 200 m².

Det er gjeve dispensasjon i vedtak datert 12.05.2023 i same sak (23/1296).

Det er gjeve løyve til frådeling etter jordlova i vedtak datert 08.08.2023, sak 23/2102.

Det vert elles vist til mottekne søknad.

Sakshandsamingsfrist

Saka var klar for handsaming den 05.05.2023. Frist for sakshandsaming er 3 veker frå denne dato, men vert forlenga med den tid den saka ligg til handsaming etter jordlova.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF.

Dispensasjon

Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål LNF i vedtak av 12.05.2023 (saksnr. 492/23).

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.


Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla.

Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 08.03.2023.



Tilkomst, avkøyrsløse, parkering, vatn og avløp

Frådelinga inneberer ikkje endra bruk av avkøyrsløse til offentleg veg.

Eigedommen har privat vatn og avløp.

I den grad eigedommen krev rett til framføring av vatn og avlaup og vegnett over anna manns grunn skal retten leggast fram for tinglysing seinast samstundes med oppmålingsforretninga.

VURDERING

Vurdering av søknaden

Oppretting eller endring av grunneigedom er eit søknadspliktig tiltak og må ikkje skje på ein slik måte at det oppstår førehald i strid med lova, forskrift, vedtekt eller plan, eller slik at det vert oppretta tomtar som ikkje er egna til bebyggelse på grunn av storleik, form eller plassering.

Nye grenser kan plasserast slik dei er søkte om, og vist i situasjonsplan.

GENERELL INFORMASJON

Regelverk

- Tiltak etter plan- og bygningslova § 20-1 er søknadspliktig etter § 20-2.
- Krav om ansvarleg føretak er gitt i plan- og bygningslova § 20-3.
- Søknad om dispensasjon vert handsama etter plan- og bygningslova § 19-1.
- Kommunen sine fristar for handsaming av søknad etter pbl følgjer av pbl § 21-7.
- Nabo og gjenbuarar skal ha varsel om tiltak i samsvar med plan- og bygningslova § 21-3.
- Krav om tilgang til vatn og avlaup finn du i plan- og bygningslova §§ 27-1 og 27-2.
- Krav til tilkomst til offentleg veg finn du i plan- og bygningslova § 27-4.
- Tiltak etter pbl skal utformast i samsvar med pbl §§ 29-2, jf. 29-1.
- Kommunen skal godkjenne plassering av tiltaket, jf. pbl § 29-4.
- Tiltak etter pbl skal oppførast i samsvar med byggt teknisk forskrift (TEK), jf. pbl § 29-5, med mindre det er gitt fritak etter søknad, med grunnlag i pbl § 31-2.
- Tiltaket krev avfallsplan etter TEK § 9-6.
- Tiltaket krev skildring av miljøsanering etter TEK § 9-7.
- Kommunen kan gi dispensasjon viss vilkåra i pbl § 19-2 andre ledd er oppfylt, men bør ikkje gi dispensasjon viss ei direkte råka statleg eller regional styresmakt har gjeve negativ uttale til søknaden.
- Det kan setjast vilkår for ein dispensasjon, jf. pbl § 19-2 andre ledd, jf. Ot.prp. nr. 56 (1984-85) s 102.
- Kommunen skal ikkje ta stilling til privatrettslege tilhøve ved handsaming av byggesøknaden, jf. pbl § 21-6.
- Ved handsaming av søknaden skal kommunen vurdere søknaden opp mot prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene før løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 23/1296

Med vennleg helsing
Alver kommune

Josep Gayrbekov
Rådgjevar

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Situasjonskart - gbnr 164/1 Sletten
Søknad om oppretting av grunneigedom

Kopi til:

Esben Grindheim	Krokjen 12	5912	SEIM
-----------------	------------	------	------

Mottakarar:

Rune Seim	Krokjen 8	5912	SEIM
-----------	-----------	------	------